



No i feriemånaden juli har trafikken av gjestebåtar i hamnane i Uskedalen teke seg skikkeleg opp etter ein svært svak juni.

Det opplysar Rune Myklebust i båtlaget til uskedalen.no

Før halve månaden er unnagjort viser statistikken til båtlaget at 167 båtar har vore innom og toppbesøket vart nådd i går med 22.

Det er dermed tydeleg at feriegjestane har begynt å gjera seg gjeldande for alvor også hos oss.

Det vart i høgste grad bekrefta på Cafe TI-aren i dag. Allereie 1 time før stengjetid hadde 33 vaksne og 16 barn vore innom, opplysertre svært fornøgde dugnadsdamer.

På biletet over ligg ein særprega båt ved den nye bølgebrytaren i dag. Det er ei gamal fiskeskøyte frå Flekkefjord, undervegs frå Oslo til Trøndelagskysten.

(Foto: Ola Matti Mathisen)